

Det forteljande landskapet med tonar frå bre til fjord!

Tid: Laurdag 4. juli 2015

Stad: Grindbygget på Sogn jord og Hagebrukskule

Kl. 14.00 – kl. 18.00: Velkomne til «Ullverkstad»

Vi tovar ull som er plantefarga frå Cotswolds i England ilag med ull frå norsk spelsau. Vi lagar eit felles bilete med forteljingar frå bre til fjord. Tilrettelagt av kunstnar Sue Reed frå Cotswolds og Martina Cabo frå Holmsbu.

Kl. 16.00 – kl. 17.00: Forteljingar frå det vandrande seminaret

Det vandrande seminaret startar tysdag 30. juni med internasjonale deltakarar og ressurspersonar frå inn- og utland. Vi byrjar med eit besøk på filosofen Arne Næss si hytte, Tvergastein ved Hallingskarvet. Langs ruta arbeider vi på ulike måtar med djupøkologi som tema og det forteljande landskapet som ressurs for berekraftig reiseliv. Korleis kan samspel mellom menneske og naturen omsetjast til å verta den stadlege attraksjonen? Vi får høyra forteljinga om Eivind Fredlaus og korleis den er utvikla i landskapet rundt lungsdalen (DNT). Vidare går vandreruta til Østerbø (DNT) der vi møter lokale kjentfolk som fortel om forvaltning av fjellet og ressursane i området. Dette er ei sakte vandring med både øvingar, refleksjonar, forteljingar, teikning og kanskje diktlesing undrevegs. «Storywalk» kallar dei dette i England. Siste etappe er den vakre Aurlandsdalen og Sinjarheim. Kva er dei nye historiene som vil fram i dalen og korleis skal dei forteljast? Laurdag 4. juli kjem vi ned til fjorden og det vert invitert til kulturtreff på Sogn Jord og Hagebrukskule.



Kl. 17.00 – kl. 18.00: Folkemusikk og tonar mellom aust og vest

ved Tom Karlsrud og Håkon Høgemo

Open gardsbutikk med høve til å kjøpe kaffi og snaks!

Alle velkomne!



Sogn Jord- og Hagebrukskule

Tlf. 57 63 71 00

Epost: sjh@sfn.no

www.sjh.no